

Fikk nei til å slette gjeld

PAPIRFABRIKK. Norske Skog hardt sliter med stor gjeld. Selskapet har foreslått nye låneavtaler overfor kreditorene. Håpet var å kutte gjelda med én milliard kroner og renteutgiftene med en halv milliard årlig. Fristen for kreditorene til godta eller avvise avtalen gikk ut fredag, men da sa kreditorene nei, skriver Dagens Næringsliv. Ledelsen i Norske Skog gir likevel ikke opp håpet, og har forlenget det samme tilbudet, med ny frist som løper til 21. mars klokken 13 norsk tid.



FOTO: COLOURBOX

Stutte og tjukke tener mindre

ØKONOMI. Både kroppsvekta og høgda kan påvirke lønnsnivået, viser ein ny britisk studie. Ifølgje studien, som er publisert i tidskriftet British Medical Journal, tener både kortvaksne menn og overvektige kvinner mindre enn andre. Menn med anlegg for å bli høge tente rundt 35.000 kroner meir i året enn dei med kortvaksen-gen. For kvinner spelte ikkje høgda noka rolle, men det gjorde vekta. Kvinner som var genetisk disponerte for overvekt, tente litt over 20.000 kroner mindre enn dei arvelegslanke. ©NPK

* JORDRESSURSAR

Forskar åtvarar mot sårba



Brakklegging av jord, sentralisering av matproduksjonen og rovdrift på verdas jordressursar gjer matforsyninga globalt stadig meir sårbar, åtvarar forskar.

Nedgangen i fulldyrka jord i Norge på over 750.000 mål på 15 år, som Nationen skreiv om måndag, føyer seg inn i eit liknande bilete på verdsbasis. Globalt skjer det ein konsentrasjon av matproduksjonen til dei beste jordbruksområda, ifølgje forskar, som åtvarar mot at det gjer verdas matforsyning stadig meir sårbar.

– Det skjer ein enorm konsentrasjon av matproduksjonen. Resultatet er at vi utarmar jorda og gjer oss stadig meir sårbare for flaumar, tørke og brannar, seier forskar og agrarsosiolog Bjørn Egil Flø frå Norsk institutt for bioøkonomi (Nibio).

Utarmar matjorda

Særleg i vestlege land er det ifølgje Flø sterke drivkrefter som fører jordbruket i retning av stadig meir stordrift og bruk av tunge maskinar. Medan jord i meir marginale område går ut av drift blir matproduksjonen sentralisert og intensivert i dei beste områda.

– Blant drivkreftene er teknologi, større profitt og ideologi. Økonomisk logikk fører i retning av stordrift, men utviklinga har gått så langt at ein mange stader ser konsekvensane av stordriftsulemper. Det mest alvorlege er at jordsmonnet blir øydelagt, noko som får store konsekvensar på lengre sikt, seier Flø.

Han viser til at intensiv drift og tunge maskinar fører til jordpakking, noko som fører til at jorda svelger unna vatnet dårlegare enn før. 20 til 25 prosent av matjorda i verda blir ifølgje Flø definert som alvorleg utarma.

– Og kvart år blir eit nytt areal på 5 til 10 millionar hektar definert inn i den kategorien. Det er på storleik med Austerrike. Jordbruket sjølv øydelegg mykje av matjorda og det organiske livet i jorda, seier han.

Flø viser til eksempel frå både USA og Europa. I Vermont nordaust i USA, som er eit meir marginalt jordbruksområdet, blir jorda tatt ut av drift og veks igjen.

Bruker opp grunnvatnet

I Midtvesten, deriblant Kansas, har område som før blei brukt til ekstensiv kvegdrift blitt omforma til eit intensivt jordbruksområde gjennom vatningsanlegg. Det fører derimot til at grunnvatnet er i ferd med å bli brukt opp.

– I området eg besøkte i Kansas må dei nå ned på nær 100 meters djup for å finne vatn, mot 20 meter før. Dei har 15 år med vatn igjen. På 60 år har dei brukt opp grunnvatnet som det går 6000 år å fylle opp, og slik er det i store delar av beltet mellom Sør-Dakota og ned til Texas, seier Flø.

I England blir matproduks-



MATFORSYNING
«Vi utarmar jorda og gjer oss stadig meir sårbare for flaumar, tørke og brannar.»

BJØRN EGIL FLØ
FORSKAR VED NIBIO

Matforsyning: Intensivering av matproduksjonen og bruk av store maskinar som gir køyreskadar på jorda er ifølgje forskar Bjørn Egil Flø med på å utarme jordressursane. Det gjer verdas matforsyning

8

NATIONEN · TIRSDAG 15. MARS 2016

Uro for todelt helsevesen

HELSE. Enkelte pasienter betaler store summer av egen lomme for behandling som ikke dekkes av det offentlige helsevesenet. En begynnelse på et todelt hel-sevesen, mener flere politikere.

- Når enkeltmenneskers mulighet til å leve lenger avhenger

av lommeboken, så ser vi begynnelsen på en todeling av helsevesenet, sier SV-leder Audun Lysbakken til Aftenposten.

- De som har penger og forsikring, får behandling, sier KrFs Olaug Bollestad og får følge av Kjersti Toppe i Sp. ©NTB



FOTO: SVEIN EGIL HATLEVIK

Hjarteorm i svenske hundar

DYREHELSE. Hundeeigarar bør merke seg at det er funne fransk hjarteorm i Sverige, seier veterinær. Hjarteorm er ein invol-sorm som spreier seg til hjartet til hundar. Han påverkar hjar-tefunksjonen og kan i verste fall vere dødeleg, fortel veterinær

Oskar Karlsen ved Vestfold dyre-hospital til NRK.

- Symptoma er svært varierende. Nokre hundar får lett hoste, eller nedsett kondisjon. I verste fall kan denne innvolsormen føre til hjartesvikt hos dyret som er smitta. ©NPK

r matforsyning



sjonen ifølge Flø konsentrert i område som er utsette for flaum, noko som fører til langt større del av avlingane går tapt i flaumar.

– Matmangel og prisboom
Utviklinga fører ifølge Flø til større risiko for matmangel og meir sårbar global matforsyning.

- Dei store og viktige matproduksjonsområda står for ein stor del av verdsproduksjonen. Ein periode med dårlege somrar kan få veldig store utslag. Svingingane i verdsmarknaden blir større. Det vil føre til meir matmangel og prisboomar som i 2008, seier Flø.

Han seier land med låg nasjonal matforsyning, som Norge, lever risikofylt.

- Importavhengige land som



Nationen i går.

Norge lever risikofylt. I kriseår kan det bli uforholdsmessig kostbart å importere for til både

jordbruket og fiskeoppdretten, viss det i det heile er tilgang på å kjøpt korn og fôrvarer, seier Flø, som også viser til at store eksportland tidlegare har innført eksportforbod i kriseår for i første rekke sørge for nok mat til eiga befolkning.

Frihandel med mat kan ifølge Flø gjere matforsyninga meir sårbar ved å bidra til større konsentrasjon av matproduksjonen. Flø seier ein må endre tenkemåte for å snu utviklinga.

- Ein må legge til grunn andre verdier enn berre ein-sidig vektlegging av det økonomisk rasjonelle, der alt skal vere billigast og mest mogleg effektivt. Økonome må kallast tilbake, seier Flø.

BJARNE BEKKEHEIEN AASE
bjarne.aase@nationen.no



Sprek forskning: Om eit par år er det kanskje fisk du drikk under treningsøkta. FOTO: COLOURBOX

Fiskehovud kan bli sportsdrikk

MATINDUSTRI
Forskar vil finne ut korleis ein best mogleg kan nytte fiske-restar, og har allereie laga proteinpulver av restråstof-fet.

Om eit par år er det kanskje fisk du drikk under treningsøkta, skriv Forskning.no.

I dager det ofte berre ein liten del av fisken som vert selt som filet i butikken, men dei fleste tenkjer kanskje ikkje så mykje på kor resten vert av.

Tone Aspevik, doktorgradstipendiat ved matforskningsinstituttet Nofima forskar på korleis ein kan utnytte fiskerestar til menneskefode.

- I dag blir restane hovudsakleg nytta som grise-fôr – sjølv om det er av høg kvalitet, seier Aspevik.

Restar av råstoff frå marine artar var på totalt 900.000 tonn

i Noreg i 2014. Fiskehovud og ryggar av laks utgjorde aleine om lag 100.000 tonn.

Motivasjonen til forskaren er å få til ei meir berekraftig utnytting av den dyrebare fisken som i dag blir altfor lite nytta, og det er eit aukande behov for alternative proteinkjelder.

Aspevik seier at moglegheitene er mange, og ho har nytta hundrevis av arbeidsdagar på å prøve å utnytte protein som er igjen frå rygg og hovud av laks. Doktorgradstipendiaten lagar proteinpulver av fiskerestane, men seier at det ikkje smakar særleg godt.

- Eg har klart å redusere den bitre smaken. No smakar det ikkje så bittert, men det smakar framleis fisk. Eg trur det kan vere eit godt utgangspunkt for å lage fiskebaserte produkt som fiskesupper og fiskekaker til dømes, seier Aspevik. ©NPK

Skjøt gjennom buksebein

VÅPEN
Under en diskusjon om vådeskudd stakk en politimann fingrene ned i våpenhylsteret til en kollega og trakk av. Hendelsen i Sauda endte med at kula gikk gjennom kollegaens bukse og i gulvet.

«Han førte fingeren ned i våpenhylsteret til en politikollega og foretok avtrekk med kollegaens tjenestevåpen», heter det i avgjørelsen til Spesialenheten for politisaker. Vådeskuddet skjedde på Sauda lensmannskontor i august i fjor, melder NRK.

Kula gikk gjennom buksebeinet og traff gulvet. Til alt

hell ble ingen personer skadd. Politimannen som trakk av kollegaens tjenestevåpen, er ilagt et forelegg på 8.000 kroner for uforsiktig omgang med våpenet, noe han har vedtatt. En lignende hendelse skjedde på lensmannskontoret i Namsos og Fosen 20. november i fjor. Den gang førte vådeskuddet til at en polititjenestemann ble skutt i foten, og alvorlig skadd.

På Gjøvik politistasjon i august i fjor skjedde også det samme. Den gang gikk kula ned i betonggulvet, opp i veggen og deretter i rumpa på polititjenestemannen. Her endte vådeskuddet ikke med skade. ©NTB

meir sårbar for tørke, flaumar og kriser. Her frå ein soyaåker ved White River-distriktet i Arkansas i USA.

FOTO: BJARNE BEKKEHEIEN AASE